Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Juletre og juletrefest

Oppskr. av: Jens Kørretsen

(adresse): Sandeid

Fylke: Rogaland

Herad: }
Bygdelag: } Sandeid
Gard: }

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Har tala um det med gamle folk. Eg er no eldre og er 81 år gamal

SVAR

1. Ein kan segja at no er juletre vanleg her i bygdi.

2. Fyrste gongen eg såg juletre var eg 7 år. Det var i ein prestegard i grannebygdi Etne i Sunnhordland. Sokneprest Andreas Hansen bad alle skuleborni til julefest og der var eg med. Mi farmor som var fødd kring 1800 og som eg godt minnest tala aldri um juletre. Ho var offisersdotter.
Ein kan vel segja at juletre kom i bruk kring 1890 og vart ålment i bruk kring 1900–1910.

3. Eg minnest juletreet flutte frå heimane til festane. Det var skulefestane for borni og dei ymse ungdomsorganisasjonar som tok til med juletrefestane for heimane sine.

4. Noko pynting av stova med grønt eller halm veit eg ikkje har vore i bruk.

5. Noko pynting av stova med grønt o.s.b. har ikkje vore brukt.

3952

6. I vanlege stover var juletrea
2-3 alner, på festar større og
i heimar der det berre er vaksne
folk gjerar berre ein „topp" til
å ha på eit bord.
7. a. Dei pynta juletre og [illegible]
var pynta med papirremser og
„korger" fletta av papir på ymse
måtar. I desse korgene var
det „godter" – nøtter – brakar – fi-
kus – sirisker – rosinar o. l. b.
Epler og appelsinar vart hengde
kvar for seg. No er det meir
glitter – juletrekugle som vert
selt på kramebuene.
b. Ljos har alltid vore hovud-
stasen med juletre. No er
det lite smaa stearinljos, fyr
var det heimestøypte talgljos
som vart røygde med tråd fast
til greinene. No er det smaa
kjøpte klyper. Enkelte nyttar
sett av smaa elektriske pærer.
8. Det er mor og far eller ei vaksen
si syster som står for pyntingi,
men dei smaa lyst gå vera
med.
9. Sjå svar til 6. Større tre midt
på golvet.
10. Julaftes kvelden etter kvelds-
maten vert „treet tent" = Ljosa
vart kveikte, og ein gjekk rundt
treet og song. Seinare i helgi
kunne ein kveikja ljosa kvar
etter kveld, um ein hadde ljos.

 

11. Ein går rundt treet, og dei fleste
stader er det ein som kan føra
songen og "ta tonen" = legje me-
lodien passe høgt. "Her kommer
dine arme små", "Jeg er så
glad hver julekveld", "Og synge
julekvad", "No koma Guds eng-
lar med kvite skyi" er vanlege salmer.
"Deilig er den himmel blå", "Glade
jul, hellige jul" og "Deilig er jorden"
er faste songar. Mykje brukt
er "O jul med din glede" helst der
det er små born. På festar vert
ofte sunge dei meir kjende
nasjonalsongar. I dei seinare
åri er fleire slags songhefte
nytta både i heimar og på festar.
12. Oftast vert treet ståande inne
til trettonde = trettande helgi
13. No er det sjeldan at det vert
hengt noko etande på treet.
Med "kjøpepynten" vart det slutt
med det. Men fram til 20-30 åri
då dette kom til var det noko
av det gjævaste for borni å få
hausta av juletreet, men ikkje
alt jolaftan; det laut vera no-
ko att til seinare og so. Andre
ord enn hausta har eg ikkje høyrt.
14. Det var fura (furu) som vart
brukt, då her ikkje veks gran
vill her. No kan ein sjå gran
frå plantefelt brukte
Ein og annan stad, der det
var lang veg til furuskog,

3952

brukte ein fint vokske bra-
Kar. (einer) Kjuskeg lagde
15. i juletre av pennvar og strengnr. vi
er heilt ukjendt.
16 Her vart ikkji sett no-
ko tre ute jolekvelden

Julebaden:

1. Det var vanleg med jula-
bott i bygdane her. Ordet lever
enno mellom eldre folk. Men eg
minnest berre ein gong eg har
sett det brukt, og det bo det umlag
70 år sidan.
2. Det var i heimen min. Me var
mange sama jolaftan. Då det var
lagjekit jolaftan kvelden bar kvin-
nene stort fang halm inn på
stovegolvet og reidde flatseng
ved veggen motsett døri, og der
låg me alle både vaksne og
me borni. Berre far og mor
låg i sengi si den natti.

SVAR

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

(adresse): G.nr. Br.nr.

Oppskr. av: Gard:

Emne: Bygdelag:

Tilleggsspørsmål. Herad:

Emnenr. 19 Fylke: Rogaland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Eg trur ikkje halmen var vondra på ders måte

3. Halmen vart lagd ved indre veggen so langt fram som det trongs for dei vaksne. Hovudet snudde til veggen og fötene fram.

4. Det var jolenatti ein låg i dott og ikkje andre netter.

Kvifor ein gjorde det, og kvifor det skulle brenna ljos den natti, höyrde eg aldri noko um; men ord som jolefastar og traal som var ute og gjekk jolenatti höyrde ein ofte nok; men just noko tru på dette var det visst ikkje. Korkje ljå vaktaro eller större bora so seint som i den tid eg kan minnast attende til.

Vandrit 8/3 1950

Jens Börsetjen

3952
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING